

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Rogaland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Bjerkreim  
 Emne: Transport av høy. Bygdelag:  
 Oppskr. av: Jørgen Skjæveland Gard:  
 (adresse): Vikesa. G.nr. Br.nr.

38

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

(B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):)

## SVAR


Bjerkreim er ei fjellbygd, i aust er fjella høge med heiar oppå. I vest minskar fjella av til åsar mot Jæren. Difor var høyttransporten for kanskje litt ulik i grøse stader i heradet. — Her tek eg heile heradet under eit. Me har ikkje nokon husmann i bygda, alle brukar om lag same høykjøringa som eg skal fortelja om sidan. Alle har hest. No har dei stutta dei fleste gardane med fjellslitt. Avsides liggjande fjellgardar med dårleg drift held på med utslitt og heldst slar sime litt etter vollsletten, og dei kjører dei høyet heim om lag slik som dei gjorde før. No skal eg fyrst fortelja om transport av ~~høy~~ fjellhøy før, og etter på om vatlhøy, og så litt om transport av høy i noida. Eg kan difor ikkje fylgja spørsmåla etter nummera.


## Utslitt-høy, (røste, røsthøy).

Der har visst aldri vore feller-slitt i bygda. Dei slo høyet og brudde det i kvirba (ein kverel). Når dei høydde rakte dei det saman og fengde det til fenje (ei fenja). Dei bar fenjen' oppå hovudet, stødde til med riva og bar henne til

38



ein turr stad, jannan i litt halle-bakke. Dei  
 la 4-5 ferje oppå einaman oppå byratoia som  
 lag slik . Byratoia hadde hegl (ei)  
 og to tog. Så treidde dei togendane over høyet  
 gjennom hegløe, knepte byrda til og reiste henne på  
 kant. Mannen stakk armene inn under toga som  
 fattar på ryggsekk, ein stod framme og sleit i  
 togenden og fekk han opp på fotene, og så rugga  
 han i veg med byrda. Var utslatten ikkje langt  
 frå heime, kjørde dei høyet heim med same på  
 slide. Her har eg eit skjema over ein høyslide  
 og namna på dei ymse delene:





- |                          |                               |
|--------------------------|-------------------------------|
| 1. ein mei               | 7. ei pødda, den pøddo        |
| 2. ein skøgel fl. skøgla | 8. eit stabbønn, fl. stabbønn |
| 3. eit harbaum (lōga)    | 9. ein veivagle               |
| 4. ei lōga               | 10. eit ørehol                |
| 5. ei flanda             | 11. ei rēm, flere rēma        |
| 6. ei hordarēm           |                               |

Som regel er det 3-4 rēmar mellom hordarēmene  
 Rēmene ligg mellom harbønce og fländerne.




Dei hadde ikkje jernskoning under meiane.  
 Dei la fensja oppå sleden to og to etter ein  
 annan så det vart fleire lag, stråa måtte  
 snū på tvers av sleden. Då lasset var fullt

knepte dei det til med ei tong:  Tong.  
 laga av eikerlunningar, og  
 knepte det til med togbonn (tau-band) tanngbonn  
 som var festa framme og bak i sleden. I tonja  
 festa dei toget slik: →




Etter på knepte  
 dei eit, helst to,  
 tog på tvers kring  
 lasset og knyttte det



← slik i heglet. Så kjørde dei heim  
 med ein øyk. Var det svært bratt

nedover, så sleden skaut framover, sette dei  
 ei bremsa, ei veist, kring meien som grov ned i  
 jorda. Ito dei langt inne på heia (i fjedle),  
 kjørde eller bar dei høyet til fjell-løer, fjella-  
 løe eller stekte høyet i stakken.

Dei la høysenjene kring  
 stakkstonja. Ei gjenta  
 eller ein stor unge stod  
 på stakken. Då dei  
 hadde nådd toppen, la



Kollis ei fjedleløn vart  
 rist.



dei to  
 lange, seige  
 myrtorver i kross oppå stakken.  
 Vanleg var det to sümvalass i  
 stakken. Om vinteren kjørde dei  
 heim høyet når myrane var sterke og det var  
 godt snøføre. Så eit vintvalass gjekk det to  
 sümvalass. Det var ingen regel for siste lasset,  
 heller ikkje la dei alt noko utan det ytre



4  
88  
utskjemde høyet på stakken (jeido). Når dei høydde bar mannfolka bort høyet, kvinnene rakte, borna hjelpte kvinnene, stod på høystakken eller var på soola i løa. Var det så fjell-  
lendt at dei ikkje kunne kjöra eller bera høyet heim i byrda, stapte dei det i ein stormoska høysekk av snøre og spende høyballen ut for fjellet og let han trilla til betrelende. Me kjenner ikkje til at nokon nytta kjeva, høytang, sloe, eller bordsolk eller hillebåra. Heller ikkje vit me om at nokon nytta løype-  
streng. - Husmennene bar heim høyet i byrdar.

Etter fyrste heimskrigen vart det ei snimad med dette. Mange slutta slå i rismarka, stime slar berre litt. Og då nyttar dei den gamle måten. Same kjører høyet på slede til god kjøreveg og lesser høyet på langkjerra, andre har nokre små hjul dei set under sleden når dei nær fram til kjørevegen.

#### Heimesbitten (vatlhøy).

Tor kjørde dei vatlhøyet inn på slede, fengde, leste og knepte det til som med røsthøyet i fjellet. Men så kom vanskifte frå 1900-1920. Då gjekk dei over til avla meir timotei og kløver. Og no kjører mest alle heim høyet på langkjerrer med eitt par hjul under. Same hev grinder i kring kjerrekanten andre har berre noko overbygg over hjulet. Dei lesser med gaffel og ein ligg på larret og trir det til. Dei som ikkje har grinder, knepper til larret med tong og som på sleden og eit kneppetøg ikring framaufor hjulet. Same kjerra brukar dei til kjører inn kornet (ä lä). Når dei hesjar, ber dei høyet innåt hesja med høygaffel eller kjører det i ho innåt med ei slaberiva.